

Film i trusopplæringsprogrammet innspelt i Uskedalen.

23.05.2020



Noahs Ark på Stølavikjo. F.v: Kristine Hestad og Torild Langeland.

**Ein film med bakgrunn i Noah`s Ark er innspelt i Uskedalen og er tenkt for dei yngste borna i trusopplæringa. Filminga er gjort i kyrkja og på Stølavikjo i stranda nedom Uskedal skule. Filmen vart spelt inn på tysdag og onsdag i denne veka, og vart lagt ut på kyrkja si nettside og Facebook-side i går , fredag 22. mai.**

Bli med og opplev forteljinga om Noah's ark! Kyrkja i Kvinnherad har laga ein film for dei yngste. Finn fram kosedyra dine og sett deg godt tilrette. Syng med!

Filmen, som hadde premiere på kyrkja si Facebook-side fredag 22. mai kl 09.00, er innspelt i Uskedal kyrkje og på Sanden i Uskedalen. Songarar frå Singing Tweens er med. Trusopplærarar: Toril Langeland og Kristine Hestad. Organistar: Marit Lindekleiv og Eva Megyesi. Kamera, lyd og redigering: Jan-Ove Fagerheim.



Songgruppa Singing Tweens med musikalsk leiar, Eva Megyesi, var med på innspelinga ( Arkivfoto des. 2019 ).

Gud gav Noah beskjed om å bygga ein kjempestor båt. Kva skulle han med den, sidan han ikkje budde ved sjøen? Gjorde Noah som Gud sa? Sjå det underlege som skjedde! Veit du kven som gav oss den første regnbogen, teiknet for håp? Følg med!

Kjenner du nokon som er 2 eller 3 år i år og ynskjer boka Noah og flaumen ?

Ved å legge inn ei bestilling på [kvinnherad.kyrkja.no](http://kvinnherad.kyrkja.no) kan dei få denne boka GRATIS tilsendt i posten.

Tekst/foto: Jan-Ove Fagerheim  
Nett: Kristian Bringedal